



Sokneprest Lina Håland sit og syng til høgre i ei fullsett stove

Det skal godt gjerast å finna ein så usliteleg mann i bygda vår som Kristian Bringedal. Eit av prosjekta som han aldri gjev opp er Bygdetunet Rød. Tvert imot fyller han det med innhald av mange slag og ein kan ikkje verta anna enn imponert over kor allsidig stoff han byr på. Denne gongen fekk dei 50 som kom - og det var imponerande i det fine veret - ein dose avansert trekkspelmusikk, mykje lokal krigshistorie, den tradisjonelle stiltetevlinga og den like tradisjonelle gudstenesta. Og heller ikkje i år var programmet keisamt og vi er frista til å lansera slagordet ALLTID NOKO NYTT PÅ RØD.



Ein dyktig duo runda av arrangementet

Ein som bidrog til det var sokneprest Lina Håland, som debuterte i røykstova og fortalde at ho hadde gledd seg til dette oppdraget under den nyleg avvikla ferien i USA. Som tradisjonen tilseier tok Kristian seg av organistjobben, klokkeringinga og skriftlesinga - ein sær s rasjonell organisering. Soknepresten kom med denne påminninga med utgangspunkt i historia om Sakkeus i morbærtreet:- Det er lett å gløyma kven som har gjort jobben og gått opp vegen for oss.

4 som er sterkt interessert i lokalhistorie gjorde historia enda meir lavande for oss. Systrene Ragna Hjelmeland og Gunvor Næs frå Skorpo som nyleg har fått medaljar fotalde om hendingane på øya før og under krigen. Også der gjkk at hardare for seg enn vi har visst før, men det skjedde også muntrare episodar.

Lars Børge Sæberg fortalde om trefningane på Rød og slo fast at det som skjedde der hadde mykje å seie i ein minimålestokk. Hendingane redda motstanden i Uskedalen, har marineleinga uttala.



Organist Kristian Bringedal

Johannes Bondhus tok ein tur innom sjøfolkas krig og Kristian Bringedal gav ein oversikt over medaljene som er delt ut etter krigen.

Bach på harmonium er ein heller sjeldan oppleving, men Nils Naasen og Haldor Tveit spela ein fugue av den store komponisten Og som Naasen slo fast er det neppe tvil om at han hadde komponert også for harmonium hvis instrumentet hadde vore konstruert før hans tid. Minikonserten deira inneheldt ellers både tradisjonell trekkspel-/harmonium-musikk og dansar og for vår eigen del tykte vi det svinga mest av Frosinis olivenblomar!



Johannes Bondhus hadde sjøfolka som tema



Lars Børge Sæberg tok for seg krigen i vårt område

I det heile imponerte duoen oss, men konserten skulle ha vore dobbelt så lang!



Systrene frå Skorpo mintes krigen

Tekst.og foto;Ola Matti Mathisen